



2DDA ser stjerner

Som del av naturfaget var heile 2 dans/drama ute i 14 kuldegrader natt til fredag 9. februar og såg på stjerner. Rektor på Austrheim skule var velvillig og lånte ut skulen til observatorium.

På bildet ser vi frå venstre Ottar Sande som peikar på stjernene med grøn krypton-laser, deretter Regine Eikenæs, Lina Breidablik, Lene Leirvåg, Ragnhild Høyvik, Ailin Larsen, Kristine Knapstad, Ida Byrkjedal, Charlotte Mundal og Ingrid Sætren.

Over skimtar vi stjernehimmlen kl 05.30 om morgonen, med månen rett over Lene, og stjerna Spica i Jomfrua som lyser over Ragnhild.

Nokre av høgdepunkta:

1. Overnatting i gymsalen på Austrheim skule
2. Å lage kveldsmat og frokost på skulekjøkenet.
3. Å sitje på 6-åringspultar igjen
4. Å sjå planeten Saturn med ringane



Stjernekurs på barneskulepultar



Einaste negative var at det vart litt tungt å starte skuledagen etterpå.

Mariell Sæternes og Tone Gjerde tek igjen litt av det forsømte kl 07.30 på golvet i klasserommet.

Elevkommentarar:

Ingrid: Ditta va berre heilt fantastisk! Eg har aldri sett nåke so fascinerande som Saturn i stjerneikkert! Ønske meg en til bursdagen 😊. Ditta MÅ vi gjere igjen!

Charlotte: Det var fantastisk kjekt, og superdupergøy! NYDDLI!

Ailin: Eg synest at det var kjempe spennande og noe av det mest interessante og spennende eg har opplevd. Tusen takk for en herlig oppleving.

Ragnhild: Det var ein av dei beste opplevelsane i mitt liv, og eg skal få meg stjerneikkert og kryptonlaserting!

Martine: Var veldig kjekt! Utruleg kult å sjå Saturn.

Kristine: No gledar eg meg endå meir til sommaren, sånn at eg kan vise folk sommartriangelet!

Regine: Ditta kan vi veldig gjerne gjere igjen!

Nina: Det var kjempekjekt. Gjer meg ingenting at vi finn på slike ting på fritida. Det er lærerikt og kjekt. Ein super måte å lære på.

Lene: Rett og slett kjempegøy =)

Mariell: Det var veldig koseleg! 😊

Tone: Fascinerande og gøy! =) Positiv oppleving!

Ida: ☼ Det var veldig kjekt. No kan eg masse om stjernene og kan lære andre om det eg veit!

